

Innkalling

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etasje kantina
Dato	15.03.2023
Tidspunkt	kl 16:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 08/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 09/23	Oppfølging etter rapport om eigarskapskontroll 2022
PS 10/23	Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid
PS 11/23	Årsmelding 2022 Ålesund kontrollutval
PS 12/23	Revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll 2022 - tilskot private barnehager
PS 13/23	Meldingar
MS 05/23	Informasjon om spørsmål til ordførar om mangelfulle arkiv i gamle Haram
MS 06/23	Henvending om utbyggingsprosjekt Ålesund kommune og om kontrollutvalet sitt mynde
MS 07/23	Dato for generalforsamling 2023 for Ålesund kommune sine heileigde selskap
MS 08/23	Høyring - tilrådingar for god skikk og praksis i kontrollutvalsekretariata
MS 09/23	Program Fagkonferanse for kontrollutval i Trondheim 31.5 - 01.06.2023 - Forum for kontroll og tilsyn
MS 10/23	Melding om kommunestyrevedtak knytt til kommunedeling Ålesund og Haram
MS 11/23	Tilsynsrapport - differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk

Ålesund, 08.03.2023

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/23	Ålesund kontrollutval	15.03.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Møteprotokoll - Ålesund kontrollutval - 25.01.2023

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	25.01.2023
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Knut Helge Vestre
Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Forfall

Jannicke Strømmen

Møtande varamedlem

Terje Devold

Møtenotat

Frå kommuneadministrasjonen møtte kommunedirektør Jon Steven Hasseldal og kommunalsjef Synnøve Vasstrand Synnes.

Frå Møre og Romsdal revisjon SA var oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor Linn Pettersen og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll tilstades.

Frå kontrollutvalsekretariatet var rådgivar Solveig Kvamme til stades.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

PS 01/23	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/23	Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet innan heimetenestene
PS 03/23	Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helse barn og unge - Ålesund kommune
PS 04/23	Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 - Ålesund kommune
PS 05/23	Innspel til reglement for folkevalde organ Ålesund kommune 2024
PS 06/23	Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval
PS 07/23	Meldingar
MS 01/23	Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak
MS 02/23	Informasjon om fagkonferanse i Trondheim
MS 03/23	Protokoll frå møte i representantskapet i ÅRIM IKS 09.12.2022
MS 04/23	Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 09.12.2022
PS 08/23	Orienteringar

PS 01/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet innan heimetenestene

Sekretariatet si tilråding:

Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - kvalitet i heimetenesta, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 02/23 vedtak

Etter å ha fått ei orientering frå administrasjonen om status i vedtaksoppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapport 2022 - kvalitet i heimetenesta, reknar kontrollutvalet forvaltningsrevisjonen som avslutta.

PS 03/23 Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2023 psykisk helse barn og unge - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kom fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet bed om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der kjem behov for vesentlege endringar i prosjektet.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner plan for forvaltningsrevisjon innan psykisk helsearbeid for barn og unge i Ålesund kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert.

Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kom fram i møtet vert tatt inn i planen.

Kontrollutvalet bed om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der kjem behov for vesentlege endringar i prosjektet.

PS 04/23 Revisor sin rapport frå interimrevisjon 2022 - Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2022 til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 04/23 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter interimrevisjon 2022 til vitande.

PS 05/23 Innspel til reglement for folkevalde organ Ålesund kommune 2024

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet gjev sine innspel til reglement for folkevalde organ på punkt som vedkjem kontrollutvalet og kontrollarbeidet. Dette vert sendt til oppgåveutvalet som arbeider med ny politisk styringsmodell.

Ålesund kontrollutval vil revidere sitt eige reglementet for kontrollutval slik at det i større grad byggjer på reglementet for folkevalde organ i Ålesund kommune.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 05/23 vedtak

Kontrollutvalet gjev sine innspel til reglement for folkevalde organ på punkt som vedkjem kontrollutvalet og kontrollarbeidet. Dette vert sendt til oppgåveutvalet som arbeider med ny politisk styringsmodell.

Ålesund kontrollutval vil revidere sitt eige reglementet for kontrollutval slik at det i større grad byggjer på reglementet for folkevalde organ i Ålesund kommune.

PS 06/23 Møteplan 2023 Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 25. januar
- 15. mars
- 10. mai
- 7. juni
- 23. august
- 22. november (første møte nye utval)

Møta vert haldne i Lerstadvegen 545 3. etg, om ikkje noko anna vert presisert i innkalling for aktuelt møte. Møtetidspunkt er kl. 16.00

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 06/23 vedtak

Ålesund kontrollutval sin møteplan for 2023:

- 25. januar
- 15. mars
- 10. mai
- 7. juni
- 23. august
- 22. november (første møte nye utval)

Møta vert haldne i Lerstadvegen 545 3. etg, om ikkje noko anna vert presisert i innkalling for aktuelt møte. Møtetidspunkt er kl. 16.00

PS 07/23 Meldingar

MS 01/23 Budsjettramme kontrollarbeidet 2023 - kommunestyret sitt vedtak

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 01/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 02/23 Informasjon om fagkonferanse i Trondheim

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 02/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 03/23 Protokoll frå møte i representantskapet i ÅRIM IKS 09.12.2022

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 03/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 04/23 Protokoll frå generalforsamling i Bingsa Gjenvinning AS 09.12.2022

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Votering: Samrøystes

ÅKU - 04/23 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 08/23 Orienteringar

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 25.01.2023

Behandling

Innsendt spørsmål frå Kåre Hanken:

“Det kunne vært greit å få en kort orientering fra kommunedirektøren, eller den han bemyndiger. om pasienter som er ferdigbehandlet, og om kostnadene ved at de blir liggende på sykehuset er i samsvar med budsjett vedtatt av kommunestyret for 2023. Det er også greit om kontrollutvalget får en orientering om veien videre for pasienter som blir liggende på sykehuset etter ferdig behandling, og om kommunestyret er kjent med omfanget og plassbehovet for å ta hånd om disse av kommunen.”

Kommunedirektøren gav kontrollutvalet ei orientering om dette i møtet.

ÅKU - 08/23 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Saksframlegg

Saknr. Utval
PS 09/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
15.03.2023

Oppfølging etter rapport om eigarskapskontroll 2022

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet har sett til at kommunestyret sitt vedtak knytt til rapport frå eigarskapskontroll 2022, er fulgt opp. Kontrollutvalet ser det ikkje som nødvendig med nye undersøkingar no, knytt til Ålesund kommune si utøving av eigarskap.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har bestilt og fått levert ein rapport om eigarskapskontroll i Ålesund kommune. Kommunestyret gjorde i sak 125/22 slikt vedtak i samsvar med kontrollutvalet si tilråding:

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringpunkt som rapporten peikar på.
4. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å rapportere på dette til kontrollutvalet innan utgangen av 2022.

Kontrollutvalet sitt ansvar er å sjå til at kommunestyret sine vedtak vert fulgt opp og rapportere dette tilbake til kommunestyret.

Politisk sekretariat i Ålesund kommune har sendt kontrollutvalet eit brev datert 29.12.2022 som ei tilbakemelding på kva eigarskapsutvalet har gjort, knytt til forbetringpunkta i rapporten. Dette brevet ligg ved saka her.

Ordførar, som er leiar av eigarskapsutvalet og kommunen sin eigarrepresentant i mange av selskapa, er beden om å møte i kontrollutvalet 15. mars, når kontrollutvalet skal handsame oppfølginga etter rapport om eigarskapskontroll. Ordførar kan då gje sine kommentarar på oppfølging etter rapporten.

Vurdering:

Hovudformålet med denne eigarskapskontrollen var å sjå nærare på korleis Ålesund kommune sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine eigne vedtak og føresegner.

Første problemstilling handlar om eigarskapsmeldinga og korleis kommunen sine eigarinteresser er utforma, kommunisert og etterlevd på overordna nivå.

Forbetringspunkt knytt til første problemstilling er:

- rutiner på oppfølging og dialog med selskapa.
- utnevne faste eigarskapsrepresentantar og ha oversikt over kven det er
- utarbeide oversikt over kven som møter ved delegasjon
- etablere faste møteplasser for dialog

Den andre problemstillinga såg på korleis eigarskap vert utført i praksis og om dei er i tråd med kommunen sine eigne retningslinjer for eigarstyring. Fire selskap vart sett på knytt til dette.

Dei fire selskapa var Tafjord kraft AS, Ørskog Vekst AS, ÅKP AS og Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal - IKA IKS.

Forbetringspunkt knytt til andre problemstilling er:

- forbetre rutiner for oversending og mottak av dokumentasjon, for å sikre forsvarleg dokumenthandtering og arkivering
- oppfylle føresetnad om bruk av styrevervregister
- nokre av selskapa manglar ein fast representant som følgjer opp frå eigar
- litt ulikt om selskapet er kjent med eigarstrategi
- litt ulikt om selskapa har regelbundne eigarmøter

Sekretariatet ser ut frå notatet frå administrasjonen at fleire av desse punkta har vore gjenstand for drøfting i eigarskapsutvalet med gode forslag til tiltak. Fordeling av kontakt- og oppfølgingsansvar ovanfor selskapa, betre rutiner for gjennomføring av generalforsamlinger, presisering av at dokument vert sendt via postmottak, er nokre av tiltaka.

Når det gjeld bruk av KS sitt styrevervregister så viser kommuneadministrasjonen til at eigarskapsutvalet meiner at dette er noko selskapa sjølve må ta tak i. Dette samsvarar ikkje heilt med dei føresetningar som vert lagt i eigarskapsmeldinga, avsnittet andre føresetningar punkt 4, side 6: (merk at omgrepet føretak her er brukt om alle typer selskap).

Ålesund kommune føreset at dei føretaka kommunen har vesentlege interesser i, er registrert i Kommunenes sentralforbund (KS) sitt styrevervregister. Tilknytning til styrevervregisteret skapar openhet om roller og styrker allmenta sin tillit til kommunalt eigde føretak.

Sekretariatet vil råde kontrollutvalet til å vurdere om de vil minne eigar om å følgje opp dei føresetnader som er sett i eigarskapsmeldinga og tydelegare formidle dette ut til selskapa som ei forventning.

Eigarskapsutvalet har gjort seg kjend med rapporten og sett på dei forbetringspunkt som der er nemnt. Ut frå det administrasjonen skriv i sitt brev og med eventuelt supplerande informasjon frå ordførar og kommunedirektør i møtet, så er sekretariatet si vurdering at rapporten sine forbetringspunkt i stor grad er fulgt opp.

Kontrollutvalet har med dette sett til, at kommunestyret sitt vedtak knytt til rapport frå eigarskapskontroll 2022, er fulgt opp. Slik sekretariatet ser det så kan kontrollutvalet konkludere med at det ikkje er nødvendig med nye undersøkingar no, knytt til Ålesund kommune si utøving av eigarskap.

Vedlegg

Eigarskapsutvalet si oppfølging av vedtak knytt til rapport om eigarskapskontroll 2022
Rapport frå revisor på eigarskapskontroll 2022 Ålesund kommune

Ålesund kontrollutval

Politikk og kommunikasjon

Saksbehandlar:
Kristin Torine Amdam
Tlf. 70162043

Dykkar referanse:

Vår referanse:
21/696-16 22/132153

Arkivkode:
037

Dato:
29.12.2022

Oppfølging av vedtak - rapport om eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll – Rapport frå juni 2022

Oppfølging av kommunestyrevedtak – sak 125/22 -

Dei 2 siste punkta i vedtaket er slik:

1. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbettringspunkt som rapporten peikar på.
2. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å rapportere på dette til kontrollutvalet innan utgangen av 2022.

Tilbakemelding til kontrollutvalet

Dokumentet om eigarskapskontroll har vore svært nyttig både for administrasjonen og eigarskapsutvalet. Det syner på mange måtar kva vi gjer rett og kva som kan gjerast betre.

Kva har eigarskapsutvalet gjort:

Eigarskapsutvalet har heile tida vore orientert om arbeidet med bestillinga av rapporten.

I eigarskapsutvalsmøte 07.03.2022 orienterte Anne-Lise Roald frå Møre og Romsdal Revisjon AS om bestillinga av ein eigarskapskontroll frå kontrollutvalet i Ålesund kommune.

Forbettringspunkt:

Kommunen har nokre punkt knytt til roller, ansvar og årshjul for eigarstyring som kan forbeistrast. Dette gjeld rutinar for oppnemning av faste eigarskapsrepresentantar og oppfølging av desse, samt gjennomføring av tidfesta møteplassar og kontaktpunkt for dialog og informasjon.

I møte 01.06.2022 var høyringsrapporten om eigarskapskontroll oppe som referatsak og frå møteprotokollen kan ein lese:

I høve referatsak 022/22 - høyringsrapport eigarskapskontroll vart ein samde om at medlemmane i eigarskapsutvalet kan ta ei meir akktiv rolle og at ein kan fordele oppgåvene. Ordførar/varaordførar treng ikkje å vere den som deltak i alle generalforsamlingane, og ein ser at ein har behov for eit betre system for oppfølging. Det er viktig at eigar er tett på og følg opp dei selskapa ein eig.

Til møtet 05.10.2022 vart det lagt fram eit forslag til fordeling av arbeidsoppgåver i eigarskapsutvalet.

Det var også tema i møte 01.11.2022.

Det er ordførar som har hatt det meste av kontakt og oppfølging av selskapa.

Ut i frå rolla og ansvaret som ligg til ordførar vart eigarskapsutvalet samde om at ordførar lagar liste over dei selskapa ho følgjer opp og så må ein fordele resten blant eigarskapsutvalet sine medlemmar.

Når det gjeld informasjon har administrasjon sendt ut melding til selskapa at dei må forholde seg postmottak@alesund.kommune.no slik at viktig informasjon ikkje berre går direkte til ordførar eller styremedlemmar. Dette vert også gjort for å sikre at administrasjonen har ei god oversikt over kva ordførar eller andre skal ta del i.

Forbetringspunkt

Kommunen må også sikre oppfølging av punkt i skrivet «Rutinar for generalforsamling i kommunen sine heileigde aksjeselskap», slik at det vert lagt godt grunnlag for gjennomføring av generalforsamling.

Det vert laga ein plan for når selskapa skal halde sine generalforsamlingar tidleg på året.

Denne vert sendt ut til selskapa i løpet av januar.

Eigarskaputvalet vil formidle at det er selskapa sjølve som gjennomfører generalforsamlingane. Nokre av selskapa vil trenge ein ekstra god gjennomgang av kva som er forventa av dei ved gjennomføringa.

Frå 2023 vil ein forsøke å halde generalforsamlingane andre plassar enn i formannskapssalen. Dette gjer ein for at generalforsamlingane ikkje skal framstå som formannskapsmøte.

Forbetringspunkt:

[KS sitt styrevervregister](#)

Eigarskapsutvalet kan ikkje sjå anna enn at dette må selskapa sjølve ta tak i.

Forbetringspunkt:

[Styrking og sikring av kunnskap og kompetanse:](#)

Administrasjonen har undersøkt og fått tilbod om opplæring i styrevervarbeidet. Slik eigarskapsutvalet ser det vil ein no vente med ei slik opplæring til hausten 2023 etter at ein

gjennomført kommuneval for både Ålesund og Haram. Det vil vere mange nye politikarar og mange endringar i selskapa etter valet og delinga av kommunen.

Med helsing
Kristin Torine Amdam
politisk sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Anne Mette Liavaag
SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval
PS 10/23	Ålesund kontrollutval

Møtedato
15.03.2023

Eigenevaluering av kontrollutvalet sitt arbeid


Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet ber sekretariatet ta med vidare dei innspel til forbetring, som kjem fram i møtet.

Kontrollutvalet ber om å få ei sak på eit seinare møte, for å drøfte korleis noverande utval best mogeleg kan overføre erfaring og kompetanse til nytt kontrollutval i neste valperiode.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel eit kontrollutval til å føre den løpande kontrollen.



Kontrollutvalet medverkar gjennom arbeidet sitt til forbetring og læring i den kommunale forvaltninga. Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet må ha kunnskap om. For at kontrollutvala skal klare å halde følge med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og forbetring.

Vurdering:

Det å gjennomføre ei eigenevaluering av samhandlinga mellom kontrollutval, sekretariat, revisjon, ordførar og kommunedirektør kan medverke til at kontrollutvalet lukkast betre med kontrollarbeidet, og at arbeidet får tilstrekkeleg forankring og effekt i kommunen. I kontrollutvalet sitt møte den 15. mars startar kontrollutvalet ein prosess med å evaluere sitt eige arbeid. Både ordførar og kommunedirektør er invitert til å ta del i denne samtalen i lag med kontrollutval, revisjon og sekretariat.

I forkant av møtet er det sendt ut ei enkel spørjeundersøking til faste medlemmer samt første varamedlem, ordførar og varaordførar, kommunedirektør og ass.kommunedirektør, revisjon og sekretariat. I denne undersøkinga bad ein om forbetringspunkt knytt til spørsmåla under:

- Korleis fungerer kontrollutvalet si rapportering til kommunestyret?
- Er det klåre nok roller og ansvarsdeling mellom kontrollutvalet, kommunestyret og administrasjonen?
- Korleis fungerer samhandlinga med revisor?
- Korleis fungerer samhandlinga med sekretariatet?
- Blir møta gjennomførte på ein effektiv og engasjerande måte?
- Er talet på møte tilstrekkeleg i høve til saksmengda?
- Korleis blir utvalet oppfatta av andre sentrale aktørar slik som kommunestyret og administrasjonen?
- Klarer kontrollutvalet å fylle kontrollfunksjonen på ein god måte?

Andre sentrale spørsmål som utvalet kan velge å stoppe opp med er om kontrollutvalet sine forventningar er innfridde, om saker blir tilstrekkeleg førebudde og korleis samhandlinga generelt kan bli endå betre.

Sekretariatet vil i møtet 15. mars presentere kort dei forslag til forbetring smo kom fram i undersøkinga, slik at ein i møtet kan drøfte ope i lag med alle partar som er invitert til møtet og supplere om det er fleire punkt ein vil ha med.

Sekretariatet rår så kontrollutvalet til å ta dei innspel til forbetring som kjem fram i møtet med seg i det vidare arbeidet. Det kan vere nyttig å ta det med når utvalet seinare får ein sak for å drøfte korleis ein best kan overføre erfaring og kompetanse frå noverande utvalt til eit nytt utval hausten 2023.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 11/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
15.03.2023

Årsmelding 2022 Ålesund kontrollutval

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval vedtek si årsmelding for 2022 og ber sekretariatet arbeide inn dei endringar som kom fram i møtet.

Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Bakgrunn:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørgje for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak.

Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap.

Kontrollutvalet skal rapportere resultata av arbeidet sitt til kommunestyret.

Vurdering:

Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2022 og dermed kva utvalet har gjort for å bidra til å nå dei overordna mål.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og utvalet vert oppmoda om å kome med innspel i møtet til det utkastet som ligg til grunn. Endeleg versjon vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2022.

Vedlegg

Forslag til Årsmelding 2022 Ålesund kontrollutval

Årsmelding 2022

Ålesund kontrollutvalg

Leiaren har ordet:

Kontrollutvalget - det eneste lovpålagte utvalget i norske kommuner foruten kommunestyret selv

Kommunal forvaltning har de siste tiårene økt betydelig i kompleksitet. Kommunen har fått ansvar for å forvalte flere individuelle rettigheter, og kommunene har fått flere plikter og oppgaver.

Mer kompleks kommunal forvaltning innebærer at den kommunale egenkontrollen blir viktigere. For det første må aktørene i egenkontrollen føre tilsyn med at forvaltningen utføres i samsvar med de krav som stilles til kommunen. For det andre stiller økt kompleksitet i kommunal forvaltning krav til at aktørene i egenkontrollen har tilstrekkelig informasjon og kunnskap til å kunne føre tilfredsstillende kontroll.

Om ikke lenge skal et nytt kontrollutvalg ta over i Ålesund og det er tid for å reflektere over arbeidet vi har gjort i utvalget denne perioden. Hva har vi oppnådd?

Jeg håper og tror vi har klart å sette kontrollutvalgets arbeid litt høyere på agendaen i kommunestyret og administrasjonen. Vi har innad i utvalget hatt et godt samarbeid der fokuset har vært på vår rolle som vaktbikkje for lokaldemokratiet. Partipolitisk posisjonering er ikke innenfor vårt mandat og her har utvalget etter mitt skjønn opptrådd ryddig.

Verktøykassa til bruk i kontrollarbeidet er rikholdig. Vi har et effektivt og kunnskapsrikt sekretariat til vår disposisjon. I tillegg er Møre og Romsdal revisjon vår samarbeidspartner, og de utøver både forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og revidering av kommuneregnskapet på vegne av kontrollutvalget. For kontrollutvalget er god og åpen kommunikasjon med revisjonen nødvendig. Kontrollutvalget må bruke tid på sine bestillinger i dialog med revisjonen og vi må være tydelige på hva vi ønsker ettersyn i. Når revisjonen er utført, må revisjonen være tydelig tilbake i sin rapport og det må brukes et «enkelt» språk. Dette må vi jobbe med skal revisjonene bli forstått slik at nye politiske vedtak kan rette opp eventuelle risikoer.

Godt samarbeid og tillit mellom kommuneadministrasjon og kontrollutvalg er av vesentlig betydning for å fremme forbedringsarbeid av kommunale tjenester. Kontrollutvalget opplever at administrasjonen i Ålesund kommune er lydhør for de innspill kontrollutvalget kommer med.

Ålesund kommunes budsjett for 2023 er i overkant av 4,5 milliard kroner. Tenk over på hvilke summer som strømmer gjennom forvaltningen hver eneste dag. Dette er felleskapets midler som

skal fordeles og prioriteres til beste for oss alle. Uavhengig om vi er kontrollutvalg, revisorer, sekretariat eller politikere har vi en «på se» funksjon til beste for denne fordelingen og tjenestetilbudet til kommunens innbyggere.

Bente Bruun – leiar Ålesund kontrollutval

Ålesund kontrollutval 2022:

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen.

Kontrollutvalet medverkar gjennom arbeidet sitt til forbetring og læring i den kommunale forvaltninga. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Om kontrollutvalet

Ålesund kontrollutval har for perioden 2020-2023 slik samansetning:

Medlemar:

- Bente Bruun – leiar
- Terri-Ann Senior – nestleiar
- Kåre Alfred Hanken
- Jannicke Strømmen
- Knut Helge Vestre

Varamedlemmer (for Senior og Hanken):	Varamedlemmer (for Bruun, Strømmen og Vestre)
1. Svein Inge Alnes	1. Terje Devold
2. Rolf Liebich	2. Charlotte Wennersberg
3. May Sissel R. Osvik	3. Trond Berg
4. Trygve W. Moxnes	4. Sigrid Eidsvik

Ålesund kontrollutval har i 2022 (2021) hatt 7 (8) møter. Alle møta er avvikla som ordinære møter.

Innkalling med saksdokument vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll vert sendt til medlemmane og 1. varamedlem i utvalet samt ordførar, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside [Ålesund kontrollutval - SKS - Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS](#) og er der tilgjengeleg for alle. Det er lenke til dokumenta frå politisk møtekalendar på Ålesund kommune si heimeside, slik at folk flest kan finne kontrollutvalet sine dokument der dei elles finn dokument til andre folkevalde organ.

Ålesund kontrollutval har i 2022 (2021) behandla 46 (40) saker. Møteprotokoll vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Leiar i kontrollutvalet har i kommunestyremøta tatt ordet om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gje særskilt merksemd.

Dei saker der kontrollutvalet skal gje ei tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen.

Om revisjonen

Kommunen har eigenrevisjon som revisjonsordning med Møre og Romsdal Revisjon SA som sin revisor for Ålesund kommune og dei fire kommunale føretaka. Revisjonsselskapet peikar sjølv ut kven av sine tilsette som skal vere oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og oppdragsansvarleg for den enkelte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Møre og Romsdal Revisjon SA leverer revisjonstenester på bestilling frå kontrollutvalet slik lov og forskrift tilseier.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov og forskrift. Av andre oppgåver så skal revisjonen mellom anna gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor utfører også ei rekke andre attestasjonar.

Kommunestyret har ved oppstart av perioden vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på ei risiko og vesentlegvurdering. Forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontroll vert utført etter bestilling frå kontrollutvalet, med bakgrunn i den vedtekne planen og ut frå kontrollutvalet si eiga vurdering.

Oppdragsansvarleg revisorar har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende, både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.

Om sekretariatstenesta

Ålesund kommunestyre som medeigar av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS, nyttar dette selskapet som sitt kontrollutvalsekretariat. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av både kommunen sin administrasjon og dei som utfører revisjon for kommunen.

Sekretariatet er kontrollutvalet sin hjelpar og den som held kontinuiteten gjennom dei ulike valperiodane. For at kontrollutvalet skal kunne fylla kontrollfunksjonen sin på ein best mogeleg måte, er utvalet avhengig av at sekretariatet kan vere ein fagleg ressurs og diskusjonspartnar. Sekretariatet skal sikre at saker som vert handsama av kontrollutvalet vert forsvarleg førebudde og utgreidde og at vedtak vert fylgt opp.

Sekretariatet skal ivareta dokumenthandtering for kontrollutvalet i tråd med offentleglova og ha eit arkiv som tilfredsstiller krav i arkivlova med forskrifter.

Sekretariatet førebur og effektuerer bestillingar av dei ulike revisjonsoppdraga til revisor og skal ivareta kommunikasjonen med revisor mellom møta.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.

Revisjon knytt til økonomiforvaltninga

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Kommunedirektøren har møtt i utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

Utvalet får fortløpande informasjon frå revisor.

Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor er til stades på kontrollutvala sine møter for å ivareta god dialog med utvalet.

Kontrollutvalet uttalte seg om kommunen og dei kommunale føretaka sine rekneskap for 2022. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor.

Kontrollutvalet tilrådte at rekneskap og årsmelding både for det enkelte føretak og for kommunen vart godkjent.



Nummerert kommunikasjon frå revisor til kontrollutvalet

Kontrollutvalet har i 2022 motteke fire nummererte brev frå revisor.

Det første omhandla omklassifisering av langsiktig lånegjeld utan refinansiering og kommunestyrevedtak. Kontrollutvalet er kjent med at revisor og kommunedirektør ut frå ein fagleg ståstad, såg noko ulikt på dette, men kommunen endra likevel praksis ut frå revisor si tilråding.

Det andre nummererte brevet kom i tilknytning til gjennomført etterlevingskontroll med reglane for fosterheimsgodtgjering. Her vart det avdekt avvik knytt til avtalar om utbetaling av godtgjeringa. Avviket vart lukka og praksis er no endra.

Det tredje nummererte brevet gjekk på manglande bruk av eigen skattetrekkkonto for Ålesund kommunale eigedom KF. Også her vart avviket lukka og nye rutiner sett i verk.

Det fjerde nummererte brevet i 2022 var om manglande rapportering til revisor om misleghald i form av tjuveri av medisiner. Revisor og kontrollutval vart gjort kjent med tilhøvet gjennom oppslag i media. Revisor vil her følgje opp at rutiner og praksis vert endra. Kontrollutval er kjent med at der er ein dialog med kommunedirektør om korleis ein i framtida kan sikre at rapportering av kvar mislege handling vert gjort kjent for revisor, som då rapporterer vidare til kontrollutvalet i tråd med kommunelova § 24-7. Revisor held kontrollutvalet orientert om iverksette tiltak på dette i 2023.

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Etter kontrollutvalet si tilråding med utgangspunkt i ei risiko- og vesentlegvurdering, har kommunestyret i 2020 vedteke ein plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2020-2023.

I tråd med denne planen har det i 2022 vore gjennomført ein forvaltningsrevisjon innan kvalitet i heimetenestene. Rapporten fekk stor merksemd i media og gav gode innspel til forbetring og læring ikkje minst knytt til avvikshandtering og kultur for å melde avvik. Den peika og på at kvaliteten i heimetenestene i Ålesund på det jamne er god.

Kontrollutvalet får som avtalt, tilbakemelding frå administrasjonen tidleg i 2023, på gjennomførte tiltak knytt til forbetnings- og læringspunkta.

Kontrollutvalet har i løpet av året fått ei orientering om kva oppfølging administrasjonen har gjort etter fjorårets forvaltningsrevisjon med sjølvkost innan teknisk sektor. Utvalet sa seg nøgd med dei tiltaka administrasjonen har sett i verk knytt til forbetnings- og læringspunkta.

Ein eigarskapskontroll er bestilt av kontrollutvalet og gjennomført av revisjonen i 2022. I denne kontrollen valde ein å sjå på korleis Ålesund kommune sine eigarinteresser i selskap vert utøvd, og om utøvinga er i tråd med kommunestyret sine eigne vedtak og føresegner. Rapporten peika på forbetring og læringspunkt og kommunestyret sitt eigarskapsutval har sett seg godt inn i rapporten. Kontrollutvalet vil få ei tilbakemelding på oppfølginga frå administrasjonen og frå eigarskapsutvalet ved ordførar, på marsmøtet i 2023.

Andre saker:

Kontrollutvalet har til mange av møta invitert kommunedirektøren for å gje utvalet informasjon om ulike tema. Utvalet er takknemleg for den velvilje administrasjonen ved kommunedirektøren viser ved å stille opp når vi inviterer. I 2022 har det vore orientert om statlege tilsyn innan arkiv, kommunalt beredskapsarbeid og knytt til undersøkingar i barnevernet.

Utvalet har fått orientering om kommunedirektøren sitt generelle omstillingsarbeid i organisasjonen og om omstilling innan skuleverket.

Kommunedirektøren har og gjeve kontrollutvalet ei årleg og generell orientering om det som eventuelt har vore av varslingssaker, rettssaker/tvistar og mislegsaker.

Andre saker kontrollutvalet har arbeidd med er å gje ein uttale knytt til reglementet for folkevalde sine arbeidsvilkår med særskilt fokus på frikjøpsordninga. Utvalet har gjeve kommunestyret sine innspel til høyringsuttalen om forskrift og rundskriv om gjennomføring av deling av Ålesund kommune. med merknader knytt til kommunedelinga.

Med heimel i kommunelova § 23-7 og §24-1 så vedtok kontrollutvalet på novembermøtet si tilråding til val av sekretariat, revisjonsordning og revisor for dei to nye kommunane Ålesund og Haram.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak, som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det.

Når kontrollutvalet mottok ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling.

Henvendingar om saker eller tema som kontrollutvalet har vurdert, er mellom anna eit spørsmål om lovlegheitskontroll knytt til eit budsjettvedtak. Det å gjere ein lovlegheitskontroll er utanfor kontrollutvalet sitt mandat.

I forlenging av dette spørsmålet bad kontrollutvalet om ei orientering frå Ålesund brannvesen KF ved konstituert brannsjef, om arbeidet med harmonisering av løns- og arbeidsvilkår for det frivillige brannkorpset.

Kompetanseutvikling:

Arbeidet i kontrollutvalet er i stadig utvikling. Det kjem jamleg nye faglege oppdateringar og sentrale føringar som kontrollutvalet må ha kunnskap om. For at kontrollutvalet skal klare å halde følge med utviklinga, krevst det kontinuerleg læring og forbetring.

Ålesund kontrollutval dreg nytte av å vere medlem i Forum for kontroll og tilsyn, som arbeider for fagutvikling og kompetanseheving for både kontrollutval og sekretariat.

Ålesund kontrollutval sin leiar Bente Bruun opna NKRF - kontroll og revisjon sin fagkonferanse som var lagt til Ålesund våren 2022. Ho framheva på ein god måte kontrollutvalet sitt ansvar og arbeid, og kor viktig samspelet mellom kontrollutvalet som bestillar og revisjonen som utførar er.

I juni var leiar i kontrollutvalet, Bente Bruun, deltakar på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse for kontrollutval. Ingen av dei andre medlemmane i kontrollutvalet hadde høve til å delta denne gongen. På denne konferansen deltok ho også i ein paneldebatt om arbeidet i kontrollutvalet.

Ålesund 15.03.2023

Bente Bruun – Leiar

Terri-Ann Senior - nestleiar

Kåre Alfred Hanken, Jannicke Strømmen, Knut Helge Vestre - medlemmer

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 12/23 Ålesund kontrollutval

Møtedato
15.03.2023

Revisor sin uttale om forenkla etterlevingskontroll 2022 - tilskot private barnehager Ålesund kommune

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2022 om tildeling av tilskot til private barnehagar, til vitande.

Bakgrunn:

I kommunelova § 24-9 har revisor fått følgjande pliktige oppgåve:

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Ansaret for oppgåva er lagt til rekneskapsrevisor og det er i lova lagt opp til ein uttale på utført arbeid med moderat sikkerheit. Oppgåva innebærer bruk av standard rammeverk og internasjonale revisjonsstandarar ved utføring av oppgåva.

Forenkla etterlevingskontroll erstattar ikkje den ordinære rekneskapsrevisjonen, men kan sjåast på som eit supplement. For kontrollutvalet sin del er ansvaret avgrensa til å påsjå at den vert gjennomført, og halde seg orientert om resultatet frå kontrollen. Resultatet frå ein forenkla etterlevingskontroll kan nyttast som eit grunnlag for kontrollutvalet for å vurdere om det er behov for å utføre meir kontroll eller revisjon.

Departementet uttaler at formålet med oppgåva er å medverke til å førebygge og avdekke alvorlege feil og manglar i sentrale delar av økonomiforvaltninga som ikkje nødvendigvis vert kontrollert under den finansielle revisjonen. Dette vil også styrke grunnlaget for at kontrollutvalet kan ta vare på sitt ansvar for å føre kontroll med at økonomiforvaltninga foregår i samsvar med føresegner og vedtak.

Revisor har følgjande oppgåver ved forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, jf kommunelova § 24-9:

- legge fram for kontrollutvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av etterleving i økonomiforvaltninga, som dannar grunnlag for utføring av kontrollen.
- gjennomføre den forenkla etterlevingskontrollen
- rapportere på utført oppgåve til kontrollutvalet innan 30.juni.

Revisor skal basert på sin kjennskap til kommunen, gjere ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av enkelte områder innan økonomiforvaltninga. Møre og Romsdal Revisjon SA la ROV-analyse fram for Ålesund kontrollutval 23. november 2022 i sak 39/22.

Det er revisor som avgjer kva område som skal kontrollerast. Revisor valgte for 2022 området tilskot til private barnehagar i Ålesund kommune.

Vurdering:

Arbeidet med oppgåva skal følgje RSK 301 Forenklet etterlevingskontroll med økonomiforvaltningen. Denne standarden krev at revisor planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for kor vidt det ligg føre vesentlege feil eller mangler ved etterleving av føresegner og vedtak i kommunen si økonomiforvaltning på det valgte området. Moderat sikkerheit har lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit.

Med bakgrunn i si ROV-analyse har Møre og Romsdal Revisjon SA sett på følgjande for perioden 01.01.2021 - 31.12.2021 i Ålesund kommune:

Kontroll av etterleving av reglane for å rekneut tilskot til private barnehagar i Ålesund kommune:

1. om utrekninga er i samsvar med forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar
2. om vedtak om tilskotssats er fatta innan fristen i tilskotsåret, jf. §9 i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar

Uttalen frå revisor er motteke i sekretariatet og journalført 13.02.2023.

I sin uttale har revisor ikkje teke noko teke eit atterhald på bakgrunn av utførte kontrollhandlingar.

Møre og Romsdal Revisjon SA har gjeve følgjande konklusjon i sin attestasjonsuttale knytt til forenkla etterlevingskontroll 2022 for Ålesund kommune:

Basert på de utførte handlingene og det innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd reglene i forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar.

Revisor frå Møre og Romsdal Revisjon SA vil vere tilstades i møtet til Ålesund kontrollutval 15.03.2023 for å presentere uttalen og svare på spørsmål.

Vedlegg

Rapport frå forenklet etterlevingskontroll 2022

Følgjebrev frå revisor om forenklet etterlevingskontroll 2022 - tilskot til private barnehager
- Ålesund kommune

Signert attestasjonsuttale om etterlevingskontroll 2022 - Ålesund kommune

Forenklet etterlevingskontroll av tilskot til private barnehager - uttale frå kommunedirektør



Forenklet etterlevelsesk kontroll 2022

Kontrollutvalget Ålesund kommune

OVERSENDT ADMINISTRASJONEN TIL ORIENTERING: 6. FEBRUAR 2023

MØTE I KONTROLLUTVALGET: 15. MARS 2023

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Kriterier og kilder

Tilskudd til private barnehager

Våre kontrollpunkter:

- ▶ Beregning er i samsvar med forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
- ▶ Vedtak om tilskudds-sats er fattet innen fristen i tilskuddsåret, jf. §9 i forskriften

Kilde:

- ▶ Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager,
- ▶ KS/PBL «veileder for beregning av tilskudd til private barnehagen»
- ▶ Rundskriv fra UDIR
- ▶ Kommunens egne rutiner og retningslinjer på området

Kriterier og kilder

Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager

- ▶ §3 Driftstilskudd til ordinære barnehager - beregning
 - ▶ Gjennomsnittlige ordinære driftsutgifter per heltidsplass i tilsvarende kommunale ordinære barnehager basert på kommuneregnskapet fra to år før tilskudds året.
 - ▶ Fratrullet administrasjonsutgifter, pensjonsutgifter og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgifter
 - ▶ Kommunen skal gi påslag for pensjons og administrasjonsutgifter, jf. §4 og §5
 - ▶ Pensjonspåslag: 10% av lønnsutgiftene i de kommunale ordinære barnehagene, fratrullet pensjonsutgift og arbeidsgiveravgift på pensjonsutgiften. Kommunen skal legge til arbeidsgiveravgift på summen av påslaget
 - ▶ Administrasjonspåslag: 4,3% av gjennomsnittlige brutto driftsutgifter i kommunale ordinære barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager
 - ▶ Barn under 3 år skal vektes 1,8 ganger høyere enn barn over 3 år.
 - ▶ Kommunen skal beregne antall heltidsplasser i kommunale barnehager.
- ▶ §9 Vedtak om sats
 - ▶ Kommunen skal fatte vedtak om satser til barnehager innen 31.oktober i året før tilskudds året

Oppsummering av funn

Våre funn gjeldende **Ålesund kommune** oppsummeres slik:

Kontrollpunkter:

- ▶ Beregning er i samsvar med forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager
 - ▶ Kommunen har foretatt beregninger av driftstilskudd til private barnehager i tråd med retningslinjer og regelverk
- ▶ Vedtak om tilskudds-sats er fattet innen fristen i tilskudds året, jf. §9 i forskriften
 - ▶ Kommunen har fattet vedtak om sats innen fristen 31.oktober i året før tilskudds året

Konklusjon

- ▶ Konklusjon:
 - ▶ Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er revisjonen ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene som gjelder for beregning av tilskudd til private barnehager
- ▶ Revisjonens funn og konklusjon er rapportert til kontrollutvalg med kopi til kommunedirektøren

“ Vi skal bidra til økt tillit mellom innbyggerne og våre eierkommuner ”

- Møre og Romsdal Revisjon SA

Emne: Uttalelse fra revisor vedr. forenklet etterlevelsesk kontroll 2022 - tilskudd til private barnehager - Ålesund kommune

Kopi: Møre og Romsdal Revisjon SA <post@mrrevisjon.no>, Jon Steven Hasseldal <jon.steven.hasseldal@alesund.kommune.no>, Lars Fylling <Lars.Fylling@alesund.kommune.no>, Ole Kristian Arntsen <ole.kristian.arntsen@alesund.kommune.no>

Til: SKS IKS <sksiks@sksiks.no>

Sendt: 13.02.2023 10:08:27

Fra: Linn Gunhild Pettersen <linn.gunhild.pettersen@mrrevisjon.no>

Hei

Vedlagt følger vår uttalelse vedr. forenklet etterlevelsesk kontroll 2022 for Ålesund kommune. Gjennomgås på kontrollutvalget 15.mars.

Oppsummert:

Våre funn gjeldende Ålesund kommune oppsummeres slik:

- Kommunen har foretatt beregninger av driftstilskudd til private barnehager i tråd med retningslinjer og regelverk
- Kommunen har fattet vedtak om sats innen fristen 31.oktober i året før tilskudds året

Konklusjon:

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er revisjonen ikke blitt oppmerksomme på noe som gir grunn til å tro at Ålesund kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene som gjelder for beregning av tilskudd til private barnehager.

Med vennlig hilsen

MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA

Linn Gunhild Pettersen

Regnskapsrevisor/ Statsautorisert revisor

Tlf: 926 52 625

linn.gunhild.pettersen@mrrevisjon.no

Til Kontrollutvalget i Ålesund kommune	Kopi til Kommunedirektøren
--	----------------------------

Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelseskontroll med av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltningen

22. Vedtaket bør stadfeste at revisor og kontrollutvalget etter utvalgets vurdering har samme forståelse av det bestilte oppdraget.
23. Dersom prosjektet går utover tilgjengelige budsjettmidler, bør vedtaket avklare hvordan dette kan løses.

Vedlegg

24. Revisors prosjektplan skal følge saken.

Kontrollutvalgets møte

25. Dersom kontrollutvalget ønsker justeringer av prosjektplanen, bør dette framkomme av protokollen.
26. I møtet bør det avklares hvordan innspill og signaler som kommer fra kontrollutvalget skal presiseres. Dette kan for eksempel tas med i vedtak eller under behandling i møteboken.

2.4. Oppgaver mellom prosjektplanmøte og rapportmøte (møte 2 og 3)

27. Dersom revisor ser behov for justering av problemstillinger under gjennomføringen av et bestilt prosjekt, skal sekretariatet sørge for at dette avklares med kontrollutvalget på en egnet måte. Slike avklaringer bør skje skriftlig.
28. Sekretariatet bør holde seg orientert om fremdriften i bestilte prosjekter, og skal informere kontrollutvalget dersom det oppstår vesentlige avvik i forhold til forventet leveringstidspunkt. Rapporteringsrutiner kan avtales med revisor.
29. Sekretariatet må vurdere om rapporten er i tråd med kontrollutvalgets bestilling og hvilke anbefalinger utvalget kan komme med på bakgrunn av rapporten. Sekretariatet kan eksempelvis vurdere:
 - a) Er (alle) problemstillingen(e) fra prosjektplanen svart ut i rapporten?
 - b) Går det tydelig frem hvilke avvik revisjonen avdekker, og hvordan disse blir vurdert opp mot revisjonskriteriene?
 - c) Er høringsuttalelse fra kommunedirektøren / selskapet / eierrepresentanten med?
30. Eventuelle mangler ved rapporten skal tas opp og avklares med oppdragsansvarlig revisor på en egnet måte.
31. Sekretariatet skal registrere rapport i nasjonal tilsynskalender så snart som mulig.
32. Sekretariatet skal gi kommunedirektøren anledning til å avgi uttalelse til kontrollutvalgets sak før kontrollutvalget behandler den. I praksis kan dette gjøres ved at kommunedirektøren får tilsendt sakspapirene med invitasjon til å komme med (skriftlige) kommentarer og/evt. Invitasjon til å komme i møtet.
33. Når rapporten gjelder forvaltningsrevisjon av virksomheten i selskaper kommunen har eierinteresser i, bør representant(er) fra selskapsledelsen gis anledning til å delta ved behandlingen i kontrollutvalget.

34. Når rapporten gjelder eierskapskontroll, bør kommunens eierrepresentant gis anledning til å delta ved behandlingen.

2.5. Møte 3: Behandling av rapport fra gjennomført FR og EK

Saksutredning

35. Sekretariatets saksutredning skal redegjøre for undersøkte problemstillinger, revisors konklusjoner og anbefalinger.
36. Saksutredningen skal inneholde sekretariatets vurderinger.

Forslag til vedtak

37. Det bør framkomme av vedtaket at rapporten skal oversendes kommunestyret for behandling som egen sak.
38. Forslaget til vedtak bør i tillegg uttale seg om rapportens innhold. Dette kan enten gjøres via en uttalelse fra kontrollutvalget, eller et forslag som kommunestyret kan vedta i sin helhet.
39. Vedtaket bør være basert på rapportens funn og revisors anbefalinger, og identifisere hvilken oppfølging som er forutsatt.
40. Vedtaket bør inneholde en tidsfrist for tilbakemelding til kontrollutvalget om oppfølgingen av resultatet av det gjennomførte prosjektet, og kommunestyrets vedtak.

Vedlegg

41. Rapporten samt eventuell uttalelse fra kommunedirektøren til kontrollutvalget skal følge med.

Kontrollutvalgets møte

42. Revisor bør få anledning til å orientere om rapporten i kontrollutvalgets møte.
43. Sekretariatet bør oppfordre til at kontrollutvalgets leder benytter seg av sin møte- og talerett når kommunestyret behandler saker fra kontrollutvalget.

2.6. Oppgaver mellom rapportmøte og oppfølgingsmøte (møte 3 og 4)

44. Sekretariatet skal så snart som mulig oversende kontrollutvalgets vedtak og rapport til kommunens administrasjon for videre behandling i kommunestyret.
45. Sekretariatet bør, så langt det er adgang til, bidra til at rapporten og kontrollutvalgets vedtak behandles innen rimelig tid.
46. Sekretariatet bør innen tidsfristen be kommunedirektøren om en skriftlig oppsummering til kontrollutvalget om hvordan revisjonsrapporten er fulgt opp av kommuneadministrasjonen. Dersom det ikke er fastsatt en tidsfrist, må sekretariatet selv vurdere tidspunkt for innhenting av informasjon om kommunens oppfølging.
47. Dersom saken gjelder forvaltningsrevisjon av virksomheten i selskaper bør det avklares med kommunen som eier/deltaker hvordan tilsvarende tilbakemelding fra selskapet skal innhentes, jf. punktet over.
48. Sekretariatet bør forsikre seg om at representant(er) fra kommuneadministrasjonen har anledning til å redegjøre muntlig for kommunens oppfølging av resultatene fra gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunens virksomhet. Det samme gjelder ved oppfølging av resultater fra gjennomført eierskapskontroll.
49. Dersom saken gjelder oppfølging av gjennomført forvaltningsrevisjon av virksomheten i selskaper, bør representant(er) fra selskapsledelsen i tillegg inviteres til å delta.
50. Dersom saken gjelder oppfølgingen av gjennomført eierskapskontroll, bør kommunens eierrepresentant(er) i tillegg inviteres til å delta dersom dette vurderes som hensiktsmessig.

2.7. Møte 4: Oppfølging av kommunestyrets vedtak i tilknytning til FR og EK

Saksutredning

51. Kontrollutvalgets oppfølging av gjennomførte forvaltningsrevisjoner eller eierskapskontroller skal behandles som egne saker.
52. Utgangspunktet for kontrollutvalgets oppfølging er kommunestyrets vedtak.
53. Saksutredningen må gjengi kommunestyrets vedtak, og redegjøre for andre opplysninger som er relevante for kontrollutvalget.

54. Saksutredningen skal, med de begrensninger som følger av innhentet informasjonsgrunnlag, inneholde vurderinger fra sekretariatets side.

Forslag til vedtak

55. Forslaget bør beskrive hvordan kontrollutvalget har gjennomført oppfølgingen, samt hva som har vært grunnlaget for denne.

Vedlegg

56. Skriftlige tilbakemeldinger om oppfølgingen av resultatene fra gjennomført forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll fra revidert/kontrollert enhet skal følge med saken.
57. Rapport fra gjennomført forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll kan følge med saken.
58. Saksutredningen fra kontrollutvalgets behandling av rapporten kan følge med saken.

Kontrollutvalgets møte

59. Det bør legges opp til at eventuelle merknader til status for oppfølgingsarbeidet i kommunen og/eller selskapet formuleres og besluttet med bakgrunn i den muntlige redegjørelsen i kontrollutvalgets møte.
60. Det bør avklares hvordan rapportering til kommunestyret skal skje. Rapportering kan enten skje via kontrollutvalgets årsrapport, eller som enkeltsaker.
61. Sekretariatet bør ved rapportering til kommunestyret be om at denne behandles som egen sak.

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 09/23	Ålesund kontrollutval	15.03.2023

Program Fagkonferanse for kontrollutval i Trondheim 31.5 - 01.06.2023 - Forum for kontroll og tilsyn

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Vedlagt ligg program og informasjon om Forum for kontroll og tilsyn sin fagkonferanse for kontrollutval som skal vere i Trondheim 31. mai - 1. juni 2023.

Påmeldingsfristen er **21. april** og medlemmer som ynskjer å delt må sjølve syte for påmelding.

Påmelding skjer på FKT.no

Vedlegg

Program fagkonferanse Trondheim Forum for kontroll og tilsyn

Fagkonferansen 2023, 31. mai -1. juni

I 2023 arrangeres fagkonferansen på **Scandic Lerkendal, Trondheim**, 31.mai-1.juni

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontrollarbeid i kommunal sektor.

Program

Det er krig i Europa, dyrtid og klimakrisen er foruroligende nær. Hva bør kontrollutvalget være oppmerksom på i denne sammenhengen?

- Hvilke trusler står kommunene overfor?
- Er beredskapen i kommunen god nok?
- Er kommunen beskyttet mot korrupsjon og økonomisk kriminalitet?
- Det er kommunestyre- og fylkestingsvalg til høsten. Derfor er det aktuelt å spørre om vi er sikre på om vi kan gjennomføre valg på en trygg måte uten påvirkning?
- Hva med personvernet? Er kommunen beskyttet mot hacking og cyberangrep?

Samtidig er det krav til kommunene om godt ytringsklima og åpenhet.

- Hvordan står det egentlig til med åpenheten i norske kommuner?
- Ytringsfrihetskommisjonen mener at kommuner som sliter med åpenheten må lage en tiltaksplan som skal sikre at offentlighetsloven og arkivloven etterlevs.

Deltakeravgift kr. 7 500, ikke medlemmer kr. 7 950

Påmeldingsfrist: 21. april

Dag 1, 31. mai

09:00 Registrering med mat

10:00 Velkommen | Tage Pettersen, styreleder FKT

10:05 Kommunenes ansvar for egen beredskap | Øystein Johannessen, Assisterende Statsforvalter, Trøndelag

10:45 Kort pause

10:50 Geoteknikk i Overhalla kommune, Forvaltningsrevisjonsrapport som tar for seg faren for kvikkleirekred | Margrete Haugum, oppdragsansvarlig forvaltningsrevisor, Midt-Norge Revisjon SA

11:35 Pause

11:50 Personvernkommisjonens rapport, utfordringer for kommunene | Helge Veum, medlem av Personvernkommisjonen, leder for teknologi og innovasjon, Ålesund kommune

12:30 Kort pause

12:35 Spørsmål og refleksjon

13:00 Lunsj

14:00 Korrupsjon og økonomisk kriminalitet med blikk på offentlig sektor | Mari Sognnæs Andresen, Økokrim

14:45 Pause

15:00 Hvordan kan vi beskytte norske valg mot uønsket informasjonspåvirkning? | ikke avklart

Dag 2 1. juni

Dag 2, 1. juni

09:00 Rapport fra Ytringsfrihetskommisjonen | Anki Gerhardsen, frilansjournalist, og medlem av kommisjonen

09:45 Pause

10:00 Hvordan står det til med åpenheten i kommune-Norge? | Tor Dølvik, spesialrådgiver, TI Norge

10:45 Pause

11:00 Åpenhetsloven og kommunenes rett til å kreve informasjon fra leverandører | Gro Valen Simonsen, Forbrukertilsynet

11:30 Lunsj

12:30 Refleksjoner etter endt valgperiode og erfaringsoverføring til nytt utvalg. Paneldebatt med flere KU-ledere og spørsmål fra salen. | Tage Pettersen, FKT, moderator

13:30 Pause

13:45 Skråblikket: Tvil deg god | Henrik Syse

14:50 Avslutning | Tage Pettersen, FKT

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 10/23	Ålesund kontrollutval	15.03.2023

Melding om kommunestyrevedtak knytt til kommunedeling Ålesund og Haram

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Ålesund kommunestyre fatt vedtak i sitt møte 16.02.2024 om revisjonsordning og revisor, og sekretariat for kontrollutvala i dei to nye kommunane Ålesund og Haram. Vedtaka er fatta på bakgrunn av kontrollutvalet si tilråding då dette er saker der det er kontrollutvalet som har lovfesta tilrådingsrett.

Vedlegg

Melding om vedtak - revisjonsordning og val av revisor Haram kommune 01.01.2024
Melding om vedtak - val av sekretariat kontrollutval Haram kommune 01.01.2024
Melding om vedtak - revisjonsordning og val av revisor Ålesund kommune 01.01.2024
Melding om vedtak - val av sekretariat kontrollutval Ålesund kommune 01.01.2024.

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Dykkar referanse:

Vår referanse:
22/14217, 23/20521

Arkivkode:
216

Dato:
23.02.2023

Kommunedeling - revisjonsordning og revisor Haram kommune

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.23, sak 023/23 gjort følgende vedtak:

Vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgende vedtak:

1. Som revisjonsordning for Haram kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigen regi.
2. Kommunestyret ber om medlemskap for Haram kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal Revisjon SA.
3. Møre og Romsdal Revisjon SA vert valt som revisor frå 01.01.2024 for Haram kommune og for dei kommunale føretaka som Haram kommune på det tidspunktet måtte ha.

Protokolltilførsel:

Ber om at det vert protokollert at at det er kontrollutvalet si saksutgreiing (og ikkje kommunedirektøren si) som ligg til grunn for vedtak i kvar av desse sakene. Fordi dette er saker der kun kontrollutvalet har tilrådingsrett, og kommunaldirektøren har ikkje uttalerett slik han har i andre saker frå kontrollutvalet.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat
Solveig Kvamme

Dykkar referanse:

Vår referanse:
22/14155, 23/20246

Arkivkode:
033

Dato:
22.02.2023

Kommunedeling - sekretariat kontrollutval Haram kommune. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.2023, sak 025 gjort følgende vedtak:

Vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjette ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgende vedtak: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Haram kontrollutval frå 01.01.2024.

Protokolltilførsel:

Ber om at det vert protokollert at det er kontrollutvalet si saksutgreiing (og ikkje kommunedirektøren si) som ligg til grunn for vedtak i kvar av desse sakene. Fordi dette er saker der kun kontrollutvalet har tilrådingsrett, og kommunaldirektøren har ikkje uttalerett slik han har i andre saker frå kontrollutvalet.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat

Dykkar referanse:

Vår referanse:
22/14218, 23/20515

Arkivkode:
216

Dato:
23.02.2023

Kommunedeling - Revisjonsordning og revisor Ålesund kommune. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.23, sak 024/23 gjort følgende vedtak:

Vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 24-1 første og andre ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgende vedtak:

1. Som revisjonsordning for Ålesund kommune frå 01.01.2024, vedtek kommunestyret at kommunen skal ha revisjon i eigenregi.
2. Kommunestyret ber om medlemskap for Ålesund kommune frå 01.01.2024, i det interkommunale samvirkeføretaket Møre og Romsdal Revisjon SA.
3. Møre og Romsdal Revisjon SA vert valt som revisor frå 01.01.2024 for Ålesund kommune og for dei kommunale føretaka som Ålesund kommune på det tidspunktet måtte ha.

Protokolltilførsel:

Ber om at det vert protokollert at at det er kontrollutvalet si saksutgreiing (og ikkje kommunedirektøren si) som ligg til grunn for vedtak i kvar av desse sakene.

Fordi dette er saker der kun kontrollutvalet har tilrådingsrett, og kommunaldirektøren har ikkje uttalerett slik han har i andre saker frå kontrollutvalet.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Sunnmøre kontrollutvalssekretariat
Solveig Kvamme

Dykkar referanse:

Vår referanse:
22/14216, 23/20235

Arkivkode:
033

Dato:
22.02.2023

Val av sekretariat kontrollutval for Ålesund 2024. Melding om vedtak

Ålesund kommunestyre har i møte 16.02.2023, sak 0026 gjort slikt vedtak:

Vedtak:

Med bakgrunn i forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune § 7, og kommunelova § 23-7 sjette ledd, gjer Ålesund kommunestyre følgjande vedtak: Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS vert valt som sekretariat for Ålesund kontrollutval frå 01.01.2024.

Protokolltilførsel:

Ber om at det vert protokollert at at det er kontrollutvalet si saksutgreiing (og ikkje kommunedirektøren si) som ligg til grunn for vedtak i kvar av desse sakene. Fordi dette er saker der kun kontrollutvalet har tilrådingsrett, og kommunaldirektøren har ikkje uttalerett slik han har i andre saker frå kontrollutvalet.

Med helsing
Elin Moen
politisk sekretær
Politikk og kommunikasjon

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
MS 11/23	Ålesund kontrollutval	15.03.2023

Tilsynsrapport - differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Bakgrunn:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har gjennomført tilsyn med differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk i Ålesund kommune.

Det vil vere nyttig informasjon for kontrollutvalet å kjenne til innhaldet i rapporten. Rapporten inneheld ingen funn knytt til brot på aktuelt regelverk. Statsforvaltaren konkluderer med at kommunen oppfyller regelverket og har avslutta tilsynet.

Vedlegg

Tilsynsrapport 2022 - differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk



Tilsynsrapport

**Differensiering av introduksjonsprogram og opplæring
i norsk**

Ålesund kommune



Samandrag

Statsforvaltaren har gjennomført tilsyn med Ålesund kommune si forvaltning av integreringslova.

Temaet for tilsynet er avgrensa til krava etter integreringslova §§ 13 og 31, om slutt mål og varigheit i introduksjonsprogrammet og i norskopplæringa.

Rapporten seier ikkje noko om kommunen si forvaltning av introduksjonsordninga på andre områder enn det som er undersøkt gjennom tilsynet.

Tilsynet er basert på gjennomgang av deltakarmapper, utgreiing frå kommunen, skriftleg dokumentasjon, og samtalar med deltakarar. Konklusjonen i rapporten er difor kun eit uttrykk for kva vi har sett gjennom den dokumentasjonen som låg føre ved tilsynet.

I tilsynet har vi funne at de oppfyller regelverket på dette området, og vi avsluttar med dette tilsynet. Observasjonane og vurderingane våre kjem fram av denne rapporten.

Innholdsliste

Samandrag

1. Innleiing	4
1.1. Heimelen for at Statsforvaltaren har tilsyn	4
1.2. Formålet med tilsynet	4
1.3. Gjennomføring av tilsynet	5
2. Kommunen si organisering av arbeidet med integreringslova	5
3. Tema for tilsynet	6
3.1. Rettslege krav	6
Differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk	6
3.1.1. Introduksjonsprogrammet	7
3.1.2. Opplæring i norsk	8
3.1.3. Krav til vedtak	8
3.2. Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	9
3.2.1. Introduksjonsprogrammet	9
3.2.2. Opplæring i norsk	10
3.2.3. Krav til enkeltvedtak	11
4. Avslutning av tilsynet	12
5. Vedlegg	12

1. Innleiing

Denne rapporten er utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal etter tilsyn med korleis Ålesund kommune forvaltar integreringslova.

Tilsynet rettar seg mot kommunen som ansvarleg for å oppfylle pliktene i lova. Uavhengig av om tenester blir utførte av andre enn kommunen, er det kommunen som pliktar å sørge for at tenestene blir utførte i samsvar med lova og dei tilhøyrande forskriftene.

1.1. Heimelen for at Statsforvaltaren har tilsyn

Statsforvaltaren har som oppgåve å føre tilsyn med korleis kommunen oppfyller pliktene etter integreringslova kapittel 3 til 6 og §§ 39, 40 og 43 med forskrifter, jf. integreringslova § 48, jf. kommunelova kapittel 30. Statsforvaltaren kan også føre tilsyn med plikta til å ha internkontroll etter kommunelova § 25-1, jf. integreringslova § 48.

Tilsynet kan også omfatte forskrifter gitt i medhald av desse føresegnene, og krava til saksbehandling i forvaltningsretten, jf. integreringslova § 46.

Tilsynet frå statsforvaltaren er eit lovlegheitstilsyn, jf. kommunelova § 30-2. Det inneber at tilsynet skal vere ein kontroll av om verksemda og vedtaka i kommunen er i samsvar med plikter pålagde i lov eller i medhald av lov. Kommunalova § 30-3 gir statsforvaltaren rett til å be om opplysingar, rett til innsyn i saksdokument og tilgang til kommunale institusjonar eller andre som utfører oppgåver på vegner av kommunen. Etter kommunelova § 30-4 kan statsforvaltaren gi pålegg til kommunen om å rette forhold som er i strid med regelverket.

I tilsynet behandlar vi personopplysingar. Les meir om korleis vi behandlar personopplysingar, på www.statsforvaltaren.no/nb/portal/Om-oss/Personvern/.

1.2. Formålet med tilsynet

Formålet med tilsynet er å bidra til å auke etterlevinga av lova og kvaliteten på den kommunale tenesteproduksjonen. Brot på integreringslova kan få konsekvensar for rettstryggleiken til deltakarane og forsinke integreringa i det norske samfunnet og høvet til å bli økonomisk sjølvstendig. Det er dermed viktig at kommunen oppfyller dei lovpålagde pliktene.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

1.3. Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført som eit stadleg tilsyn og baserer seg på intervju med programrådgjevar, leiar for norskseksjonen ved Ålesund vaksenopplæring og leiar for eining for integrering. I tillegg blei det gjennomført samtalar med deltakarar i introduksjonsprogrammet.

Tilsynet er gjennomført slik:

1. Statsforvaltaren sende opningsbrev til kommunen 11.08.2022.
2. Statsforvaltaren fekk dokumentasjon frå kommunen 01.09.2022.
3. Det blei halde eit formøte via Teams med kommunen 08.09.2022.
4. Eit stadleg tilsynsbesøk blei gjennomført 15.09.2022.
5. Statsforvaltaren sendte ut tilsynsrapporten og avslutta tilsynet 31.10.2022.

2. Kommunen si organisering av arbeidet med integreringslova

Jamfør Ålesund kommune si heimeside ligg virksamhet integrering under kommunalområde oppvekst. Eininga har ansvar for busetting, kvalifisering og oppfølging av flyktningar.

Hovudkontoret for avdelinga ligg i Ålesund rådhus, men dei har og eit mindre kontor i Brattvåg kor to av flyktningkonsulentane held til. Busetting blir forsøkt lokalisert over heile kommune.

Virksamhet integrering består av ein verksemdleiar, ein avdelingsleiar, ein seniorkonsulent og sju flyktningkonsulentar.

Kommunen har utarbeida sjekklister for busetting og for oppfølging av introduksjonsprogram som beskriv nokså detaljerte oppgåver og kven som har ansvaret for desse oppgåvene. Denne sjekklista er revidert i august 2022. Når kommunen avtaler busetting av flyktningar blir saka fordelt til ein flyktningkonsulent som følger opp rutinane i form av sjekklister som beskriv:

- a) Dei praktiske oppgåvene som må gjennomførast i forkant av busetting og i tilkomstfasen
- b) Dei oppgåvene konsulenten skal ivareta i forkant av og under introduksjonsprogrammet

Avdelinga samlast to gonger kvar veke på avdelingsmøter kor og verksemdleiar er til stades. I desse møta er det fokus på oppfølging av løpande busettingssaker, formidling av relevant ny informasjon og avklaring rundt saker som er meldt inn eller registrert av avdelingsleiar i perioden mellom møta. Det er også anledning for møtedeltakarane til å drøfte og få avklaring på ulike problemstillingar og utfordringar knytt til oppfølging av introduksjonsdeltakarar.

For å sikre fagleg framdrift for andre tilsette organiserast det fagmøte med ca. fem til seks veker mellomrom for heile avdelinga. Fokuset ligg her på å drøfte deltakarar som er i ferd med å avslutte program, deltakarar som ønsker vesentlege endringar i planane sine, samt andre deltakarar som konsulentane ønsker drøfting/avklaring på. Verksemdleiar deltar her også.

For å sikre hensiktsmessig tverrfagleg samarbeid rundt tilrettelegging av introduksjonsprogrammet er det satt opp følgende møteverksemd:

- månadlege møter mellom virksomhet integrering og vaksenopplæringa
- månadlege møter mellom virksomhet integrering og helsesjukepleiarar (annakvar månad deltar og en representant frå barnevernet)
- månadlege møter mellom virksomhet integrering, vaksenopplæringa og NAV

For deltakarar i introduksjonsprogrammet samarbeider virksomhet for integrering med Ålesund vaksenopplæring. Ålesund vaksenopplæring har ansvar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, i tillegg til dei obligatoriske elementa i introduksjonsprogrammet som kurs i livsmeistring og foreldrerettleing.

Virksomhet integrering har samarbeidsavtale med NAV Ålesund, og Ålesund vaksenopplæring om deltakarar i introduksjonsprogram der det primært gjeld deltakarar i introduksjonsprogram, som er i yrkesaktiv alder og er i arbeidsretta løp. Denne avtalen skal sikre ein klar ansvarsfordeling, unngå dobbeltarbeid og bidra til ein effektiv og målretta tilrettelegging av introduksjonsprogram for den enkelte deltakar.

3. Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk.

3.1. Rettslege krav

Differensiering av introduksjonsprogram og opplæring i norsk

Ein viktig del av integreringa av innvandrarak i det norske samfunnet er kjennskap til og kompetanse i norsk språk og samfunnskunnskap. Formell kompetanse er ein viktig nøkkel til økonomisk sjølvstende og ei varig tilknyting til arbeidslivet. Kommunen er ansvarleg for introduksjonsprogram og opplæring i norsk, jf. lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid (integreringslova) kapittel 4 og 6.

Etter integreringslova kan, og i nokre tilfelle skal, innvandrarak delta i introduksjonsprogrammet, jf. kapittel 4, eller opplæring i norsk, jf. kapittel 6. Opplæringa skal skje innanfor rammene som er fastsette i regelverket, men tilpassa til den enkelte deltakaren basert på ei kartlegging og ei vurdering av kompetansen til den enkelte. Denne differensieringa av opplæringa skal bidra til at den enkelte får eit opplegg og ein kompetanse som er best mogleg tilpassa til behova ho eller han har. Temaet for tilsynet er om kommunen si forvaltning av integreringslova tilfredsstiller krava etter §§ 13 og 31, om sluttmaal og varigheit i introduksjonsprogrammet og i norskopplæringa.

3.1.1. Introduksjonsprogrammet

Introduksjonsprogrammet skal bidra til å dekkje gapet mellom kompetansen den enkelte deltakaren har frå før, og kompetansen som arbeidslivet spør etter, eller som er nødvendig for overgangen til vidare utdanning. Grunnlaget for innhaldet i introduksjonsprogrammet til den enkelte er ei kartlegging av kompetansen hennar eller hans, jf. integreringslova § 10. Kommunen skal sørge for at språkkunnskapar, eventuell tidlegare utdanning, arbeidserfaring og annan relevant kompetanse blir kartlagt.

Kommunen skal sørge for oppstart og gjennomføring av introduksjonsprogrammet.

Kommunen skal gjere eit vedtak om introduksjonsprogram og utarbeide ein integreringsplan for den enkelte, jf. integreringslova §§ 12 og 15. Kommunen skal involvere deltakaren når ein utarbeider planen. Opplæring i norsk og samfunnskunnskap og kurs i livsmeistring skal vere ein del av programmet. Deltakarar som har barn under 18 år, eller som får barn i løpet av programmet, skal i tillegg delta på kurs i foreldrerettleiing. Elles skal planen bestå av arbeids- eller utdanningsretta element. Planen skal innehalde slutt mål, norskmål, omfanget av opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, varigheit, beskriving av dei ulike elementa i programmet og klagemoglegheiter. Planen er ikkje statisk, kommunen skal vurdere den jamleg og ved vesentlege endringar i livssituasjonen til deltakaren.

Sluttmålet skal vere individuelt for den enkelte. Deltakaren og kommunen skal ha som felles mål at deltakaren når slutt målet. Sluttmålet skal dermed vere realistisk å oppnå innan programtida, så konkret som mogleg og reflektere kva deltakaren skal oppnå i introduksjonsprogrammet. Sluttmålet får betydning for mellom anna varigheita av programmet. Integreringslova § 13 gir føringar for kva nivå slutt målet bør vere på, ut frå alderen og utdanninga til deltakaren, og for varigheita av programmet. Kommunen kan forlengje programmet noko, dersom ein har grunn til å forvente at deltakaren vil nå slutt målet med ei forlenging, jf. integreringslova § 13 femte ledd.

For personar som ikkje har fått ei kompetansekartlegging før busetjing, skal kommunen sørge for kompetansekartlegginga, jf. integreringslova § 10. Kommunen er ansvarleg for introduksjonsprogrammet, og veit kva opplysingar han har behov for i arbeidet sitt. For deltakarar med formell kompetanse som kan vere på minst vidaregåande nivå, skal kommunen vurdere om utdanninga til deltakaren tilsvarer vidaregåande nivå i Noreg. Det er ikkje eit krav om at den enkelte må leggje fram dokumentasjon på utdanninga si. Gjennom kompetansekartlegging og karriererettleiing har kommunen fått informasjon om kompetansen til deltakaren, og kommunen må vurdere om deltakaren har gjort sannsynleg at ho eller han har kompetanse på minimum vidaregåande nivå. Kommunen kan for eksempel vurdere kompetansen opp mot utdanning som kan gi generell studiekompetanse i Noreg slik det er beskrive i GSU-lista (generell studiekompetanse for utanlandske søkjarar). For deltakarar med utdanning tilsvarande vidaregåande nivå eller høgare er utgangspunktet at slutt målet bør vere at deltakaren skal kvalifisere til høgare utdanning eller arbeid, definert ned til ein bransje. Programmet skal som hovudregel vare mellom tre og seks månader, og kan i nokre tilfelle forlengjast.

Sluttmålet for deltakarar under 25 år utan utdanning på minimum vidaregåande nivå skal som hovudregel vere at deltakaren fullfører vidaregåande opplæring. Programmet skal som hovudregel vere mellom tre månader og tre år.

For andre deltakarar skal sluttmålet vere at deltakaren kjem i arbeid eller fullfører delar av eller heile grunnskolen eller vidaregåande opplæring. Programmet skal som hovudregel vere mellom tre månader og tre år.

Kommunen skal gjere vedtak om introduksjonsprogram og utarbeide ein integreringsplan, jf. integreringslova §§ 12 og 15. Integreringsplanen skal som minimum innehalde slutt mål, norskmål, beskriving av opplæringa i norsk og samfunnskunnskap, varigheit og elementa i programmet til deltakaren.

Undervegs i introduksjonsprogrammet kan det vere behov for å endre sluttmålet, for eksempel dersom deltakaren viser raskare progresjon enn forventa. Terskelen for å justere sluttmålet ned ved mangelfull progresjon er høgare enn for å justere sluttmålet opp ved raskare progresjon. Ved mangelfull progresjon må kommunen først vurdere tilrettelegginga av tilbodet og ha tett oppfølging av deltakaren.

3.1.2. Opplæring i norsk

Opplæring i norsk etter integreringslova kapittel 6 har eigen læreplan, krav til varigheit og omfang og eigen prøve. Kommunen skal sørge for tilbod om opplæring i norsk for deltakarane, med unntak av personar i fulltid vidaregåande opplæring. For denne gruppa er fylkeskommunen ansvarleg for opplæringa. Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for opplæring slik at deltakarane oppnår eit minimumsnivå i norsk.

Deltakarane skal oppnå eit minimumsnivå i norsk, jf. integreringslova § 31. Dei ulike nivåa er beskrivne i forskrift til integreringslova (integreringsforskrifta) § 26. Norskferdigheitene er klassifiserte i nivå frå A til C, der nivå A1 er lågast og nivå C1 høgast. § 28 i forskrifta gir vidare eit utgangspunkt for kva nivå den enkelte som minimum bør oppnå, basert på kva utdanningsbakgrunn personen har frå før. Dersom deltakaren har raskare eller treigare framgang enn forventa, skal minimumsnivået justerast.

Kommunen skal gjere vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap og utarbeide ein norskplan. Det skal ikkje utarbeidast ein norskplan for personar i fulltid vidaregåande opplæring. Opplæringa i norsk varer som hovudregel til deltakaren har nådd minimumsnivået, men avgrensa til tre år, jf. integreringslova § 32. For enkelte grupper er varigheita kortare.

3.1.3. Krav til vedtak

Vedtak om introduksjonsprogram, vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap, utarbeiding av integrerings- eller norskplan og vesentleg endring av integrerings- eller norskplan, jf. integreringslova §§ 12, 15, 30 og 34, er enkeltvedtak, jf. integreringslova § 46. Enkeltvedtak skal følge saksbehandlingsreglane i forvaltningslova.

Enkeltvedtaket skal vere skriftleg, jf. forvaltningslova § 23.

Vedtaket skal vise til dei reglane i integreringslova som vedtaket byggjer på, og beskrive dei faktiske forholda som har hatt betydning for avgjerda, jf. forvaltningslova §§ 24 og 25. Vedtaket skal også innehalde informasjon om retten til å klage, klagefrist, klageinstans og kvar klagen skal sendast, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd. Kommunen kan ikkje setje egne avgrensingar i klageretten, for eksempel ved å krevje at klagen må vere grunngitt. Alle vedtak skal innehalde informasjon om retten til å sjå saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

3.2. Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

3.2.1. Introduksjonsprogrammet

Observasjon

Kommunen skriv i si eigenvurdering at det blir sett eit konkret slutt mål for deltaking til den enkelte deltakar i introduksjonsprogrammet. Dette slutt målet er fastsett i samarbeid med deltakaren, og er sett i samanheng med alder og utdanningsbakgrunn.

I intervju med programrådgjevarane blir det opplyst at slutt mål for deltakarane blir sett, og slutt målet blir sett ut frå utdanningsbakgrunn og alder. Både programrådgjevar, karriererettleiar og deltakar sit saman når ein gjennomfører kartlegging og karriererettleiing. Denne informasjonen blir delt med vaksenopplæringa som har ansvaret for norsk- og samfunnskunnskap.

Programrådgjevarane formidlar i intervju at integreringslova inneheld tydelege rammer for slutt mål i forhold til utdanningsbakgrunn og alder til deltakaren, noko som gjer det mindre krevjande å sette slutt mål.

I samtale med deltakarane opplyser dei at det har blitt gjennomført samtaler i starten av programmet, og dei har fått kartlagt kva for utdanning dei har frå før. Dei opplyser og at dei har vore delaktig i utarbeiding av integreringsplanen og det har vore gjennomført karriererettleiing.

Ved gjennomgang av dokumentasjonen finn vi at kommunen har ein tydeleg instruks for kva programrådgjevarane skal gjere til ein kvar tid for å følge opp deltakarane i introduksjonsprogrammet, og kven som har ansvaret for dette. Vi registrerer at denne plana er av nyare dato og revidert i august 2022. I dokumentasjonen er det og lagt ved karriererettleiingsskjema der deltakarane sin kompetanse og utdanning kjem fram. Karrierekartleggingsskjemaet inneheld rubrikk for kva for ønsker og moglegheiter deltakarane har til utdanning og arbeid i Norge.

Både integreringsplanane og planane for norsk og samfunnskunnskap er etter mal frå IMDI. Dei inneheld konkrete slutt mål for introduksjonsprogrammet og konkrete norskmål for kvar enkelt

deltakar i programmet. Både slutt mål og norskmål er delt opp i delmål med fristar for når dei skal vere oppnådd eller gjennomført. Planen inneheld og ei grunngjeving for innhaldet i programmet med bakgrunn i kartlegginga av deltakaren sin kompetanse, og ei grunngjeving for kva arbeids- eller utdanningsretta element som vart valt.

Når det gjeld om kommunen vurderer forlenging av programmet når dei ser at deltakaren ikkje når slutt mål sitt, blir det opplyst i intervju med programrådgjevar at dei gjennomfører trekantsamtalar med deltakar og vaksenopplæringa kvar 6. månad. Dette gjer dei for å kvalitetssikre at deltakaren eventuelt kan oppnå slutt målet sitt. I tillegg til trekantsamtalane har kommunen faste samarbeidsmøte med NAV og Ålesund voksenopplæring der alle partar kan melde inn saker dei vil diskutere.

I samtale med deltakarane opplyser dei at jamlege samtalar med vaksenopplæringa blir gjennomført og vurdering om forlenging av program kan vere ein del av desse samtalane.

Vurdering

Gjennom dokumentasjon, intervju med programrådgjevarane og samtale med deltakarar, ser vi at kommunen set konkrete slutt mål for programmet, og at desse blir fastsett i samarbeid med den enkelte deltakar. Slutt mål og varigheit på program er sett i tråd med alder og utdanningsbakgrunn hos deltakaren, i tillegg til deltakaren sin kompetanse, interesser, motivasjon og langsiktige mål.

Vi har ikkje sett konkrete eksempel i dokumentasjonen på at kommunen vurderer forlenging når ein ser at deltakaren ikkje når slutt mål sitt innanfor programtida. Likevel får vi i intervju opplyst at dette skjer dersom det er aktuelt. Statsforvaltaren finn det difor sannsynleggjort at vurdering av forlenging vil finne sted dersom det kjem ein søknad om det.

Konklusjon

Ålesund kommune sett slutt mål for den enkelte deltakar i integreringsprogrammet.

3.2.2. Opplæring i norsk

Observasjon

Kommunen svarar ja i eigenvurderinga på at det blir sett eit norskmål for kvar enkel deltakar ved oppstart av opplæringa, at norskmålet tek utgangspunkt i rettleiande minimumsnivå, og opplæringa er av slik varigheit at dei kan oppnå norskmålet sitt i løpet av programtida.

I intervju med programrådgjevarane bekreftar dei det som blei svart i eigenvurderinga. Det blir opplyst at virksamhet for integrering sit saman med Ålesund voksenopplæring etter at det er gjennomført karriererettleiing for utarbeiding av norskmåla. Programrådgjevarane opplyser at det er dei rettleiande minimumsnivåa i forskrift til integreringslova som blir nytta når det blir sett norskmål. Norskmåla blir så sett inn i integreringsplana og i plana for norsk og samfunnskunnskap. Det blir og sjekka med deltakarane kva dei vil gjere vidare i Norge med tanke på arbeid eller utdanning.

Når det gjeld om kommunen sørger for opplæring i eit omfang og med ein varigheit som gjer at deltakarane oppnår norskmålet sitt opplyser programrådgjevarane i intervju at regelverket ligg godt til rette for det og det blir sett slutt mål etter lovverket. Det blir og opplyst at ikkje alle deltakarane når norskmålet sitt. Det vert opplyst at det kan vere ulike utfordringar hos deltakar som gjer at ein ikkje når målet. Programrådgjevarane er likevel tydeleg i intervju at omfanget av undervisninga er lagt til rette for at dei skal kunne klare å nå norskmålet sitt.

I samtale med deltakarane opplyser dei at kommunen hadde samtale med dei for å finne ut kva for opplæring dei trengte i forhold til norsk og kva som måtte til for å oppnå dette målet.

I integreringsplanane finn vi at mål for norskopplæring er ført inn. Det er og ført inn omfanget av norskopplæringa, kva for kurs/tiltak som skal gjennomførast, og kven som har ansvaret for undervisninga. Kommunen har sendt inn eigne individuelle planar for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for deltakarar som ikkje har rett på introduksjonsprogram. Desse planane er etter mal frå IMDI, og inneheld blant anna mål for opplæring i norsk og samfunnskunnskap, ei beskriving av delmåla i norsk og korleis ein skal vurdere måloppnåing av delmåla. Planane inneheld og tidsrom for når plana skal reviderast.

Vurdering

Gjennom våre observasjonar, intervju og gjennomgang av dokumentasjon ser vi at kommunen sett eit minimumsnivå for den enkelte si opplæring i norsk. Det er dei rettleiande minimumsnivå kommunen tek utgangspunkt i ved oppstart av opplæringa, og opplæringa gjennomførast med eit omfang og varigheit som er gjer at deltakarane kan nå slutt målet sitt.

Konklusjon

Ålesund kommune sett eit minimumsnivå for den enkelte deltakar si opplæring i norsk.

3.2.3. Krav til enkeltvedtak

Observasjon

I eigenvurderinga skriv kommunen ja på alle spørsmåla som er knytt til krav om enkeltvedtak. Det blir opplyst i intervju med verksemdsleiar at Ålesund kommune nyttar malane frå IMDI i sine vedtak. Programrådgjevarane opplyser det same i sine intervju, og legg til at ein ikkje kan registrere deltakaren i NIR før vedtak er fatta. Det blir og opplyst at grunngjevinga i vedtaket kan variere, men den blir meir utdjupa ved ei eventuell forlenging programtid.

Programrådgjevarane opplyser vidare at alle vedtak er skriftlege og dei blir sendt til deltakaren per post eller det blir overlevert av lærer/programrådgjevar.

Deltakarane opplyser i samtale at dei har fått vedtak både om introduksjonsprogrammet og for opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

I dokumentasjonen finn vi skriftlege vedtak som inneheld ei grunngjeving som viser reglane som vedtaket bygger på, og dei faktiske forholda som er lagt til grunn. Vedtaka inneheld og opplysningar om klageåtgang, klagefrist, klageorgan og framgangsmåten når deltakaren skal klage. I tillegg finn vi informasjon om retten til å sjå sakas dokument.

Vurdering

I dokumentasjon, intervju og eigenvurdering ser vi at Ålesund kommune fattar skriftlege vedtak som inneheld alle krava som er knytt til vedtak. Med bakgrunn i det vurderer vi at kommunen fattar vedtak som er i samsvar med forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak.

Konklusjon

Ålesund kommune fattar vedtak som er i samsvar med forvaltningslova sine reglar for enkeltvedtak.

4. Avslutning av tilsynet

I tilsynet har vi funne at de oppfyller regelverket på dette området, og vi avsluttar tilsynet. Observasjonane og vurderingane våre kjem fram av denne rapporten.

De kan likevel uttale dykk om rapporten, både beskrivinga vår av fakta, forståinga vår av lova, vurderingane våre og reaksjonane våre. Dersom de meiner rapporten inneheld feil, bør de grunngi kvifor. Vi vurderer om det er grunnlag for å endre innhaldet i rapporten etter ei eventuell fråsegn frå dykk.

De har rett til innsyn i sakens dokumenter, jf. forvaltningsloven § 18.

Molde 31.10.2022

Stig Ove Andersen – tilsynsleiar
Gro-Marlèn Skorgenes

5. Vedlegg

1. orientering om opplæring i norsk og samfunnskunnskap i Ålesund kommune
2. Plan for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for deltakarar som ikkje har rett til introduksjonsprogram for tre deltakarar
3. søknad om opplæring i norsk og samfunnskunnskap
4. vedtak om deltaking i norsk og samfunnskunnskap for deltakarar som ikkje har rett til introduksjonsprogram
5. brev med informasjon til innvandrarar om opplæring i norsk og samfunnskunnskap
6. søknad om opplæring i norsk og samfunnskunnskap
7. kartleggingsskjema

8. brev med informasjon til innvandrere om opplæring i norsk og samfunnskunnskap - engelsk
9. organisering av arbeidet med introduksjonsordninga v/virksomhet integrering
10. sjekklister ved busetting 2022
11. sjekklister ved oppstart introduksjonsprogram 2022
12. samarbeidsavtale mellom Ålesund kommune og NAV Ålesund om deltakere i introduksjonsprogram
13. prosedyre tildeling introduksjonsprogram etter ny integreringslov
14. prosedyre opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter ny integreringslov
15. informasjon om introduksjonsprogram i Ålesund kommune
16. fem deltakarmapper som inneheld
 - vedtak om deltaking i introduksjonsprogram
 - vedtak om deltaking i opplæring i norsk og samfunnskunnskap
 - integreringsplan
 - skjema for karriererettleiing for nykomne introduksjonsdeltakere for etterregistrering i IMDInett

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Postboks 2025, 6404 Molde fmmrpost@statsforvalteren.no www.statsforvalteren.no/mr

